

Regjeringa må sikre avtale om føreseileg og forsterka CO2-kompensasjon.

Regionkonferansen til LO Vestland vil be om at Regjeringa føl opp arbeidet med ein avtale om CO2-kompensasjon. Rammevilkåra for denne avtalen kom på plass i samband med semja om statsbudsjettet hausten 2023. Det er viktig å få på plass ei endeleg avtale om CO2-kompensasjonsordninga, som vil gje industrien føreseielege rammevilkår og effektiv vern mot CO2-prissmitte i kraftprisen.

Industrien sine egne utslepp i Noreg er kvotepliktige, og med forslaget som no ligg framme, sikrar ein at industrien vil nesten halvparten av kompensasjonen til ytterlegare forskning, utvikling, og prosjekt for å kutte klimagassutslepp. Men fagrørsla med LO i spissen må vere tett på, for no å få festa eit regime som sikrar CO2-kompensasjonsordninga mot angrep. Uansett kven som sit i regjering.

CO2-kompensasjonsordninga er eit avgjerande rammevilkår for kraftforedlande industri i Noreg. Spesielt smelteverksindustrien. I Vestland ligg ein stor del av denne industrien, som samla står for rundt 80% av eksporten i landet. Hjørnesteinsbedrifter i m.a. Bremanger, Årdal, Høyanger, Odda, Tyssedal, og Husnes vil kunne bli trua av kutt og utflytting til utlandet, dersom dette rammekravet ikkje er føreseileg nok til å sikre investeringane bedriftene har gjort, og har planar om å gjere.

Staten Noreg tenar på at kraftprodusentar i Europa legg betaling for sine høge karbonutslepp på sin straumpris, ein prisauke som so smittar over gjennom utanlands kablane. Dette gjennom sal av klimakvotar, auka skatt, og utbytte frå kraftselskapa. Moderate berekningar syner at dette dreiar seg om rundt 600 milliardar fram til 2030, medan ordninga kostar rundt 100 milliardar i same tidsrom.

Det å få ein føreseileg CO2-kompensasjonsordning, eit regime som denne og framtidige regjeringar ikkje rokkar ved er uendeleg viktig for industrien i Vestland og landet elles. Som ein ser med enkelte bedrifter, det er ikkje konkurs som trugar, det er utflytting til områder med dårlegare eller ingen grenser for CO2 utslepp og større maginar. Dette vil ikkje skje pga kraftunderskot, men for dyr kraft. Det grønne skiftet med dei grønne HUB'ane i Vestland står og i fare dersom slik karbonlekkasje oppstår. CO2-kompensasjonen er ikkje subsidiar, det sikrar at norsk industri kan produsere med rein norsk fornybar kraft på like vilkår med dei som ikkje har dei same krava til utslepp.